

Mykobakteriar, mikroskopi

Analysemetode

Mikroskopi, Ziehl-Neelsen-farging.

Indikasjon

Mistanke om tuberkulose, først og fremst lungetuberkulose.

Prøvar til dyrking av tuberkelbasillar utførast ved Haukeland universitetssjukehus, og ikkje hos oss, og prøvar for dette må sendast direkte dit.

Vi utfører Ziehl-Neelsen-farging kun som ei rettleiande, rask undersøking for pasientar i Helse Førde.

Prøvetaking

Ekspektorat:

Prøven takast helst om morgonen før pasienten har ete. Før prøvetaking bør munnen skyljast med vatn. Ein må instruere pasienten om å hoste kraftig slik at slimklattar kjem opp, og berre slike klattar skal spyttast ut i prøveglaset. Ekspektoratet bør vere tydeleg purulent for at undersøkinga skal kunne gi nyttig informasjon. Mikroskopi av serøst ikkje-purulent materiale bør unngåast.

Andre aktuelle prøvemateriale:

Abscessmateriale, BAL.

Prøvetakingsutstyr

Steril container:



eller sprøyte med aspirert prøvemateriale.

Oppbevaring før transport

Oppbevarast kjøleg og mørkt (unngå dagslys).

Haldbarheit

4 døgn. Eldre prøvar kommenterast i svar.

Vurdering i laboratoriet

Syrefaste stavar med mikroskopi kan representere *Mycobacterium tuberculosis* eller atypiske mykobakteriar.

Forventa analysetid

1-2 dagar.

Feilkjelder

Ikkje-representative prøvar kan gi falsk negativ mikroskopi.

Utførast av

Bakteriologisk fagområde

Fagområde

Bakteriologi

Rekvisisjonsskjema

Skjema HF 1084

Skjema HF 1088

Medisinsk fagleg ansvarleg

Reidar Hjetland

Sist oppdatert

11.10.2016 Gro Øren